



Gledespreiarane lever opp til namnet sitt.

**Gledespreiarane er ei gruppe ungdommar som gjer eit frivillig arbeid for å oppfylle innhaldet i namnet sitt, å spreia glede til andre. Dei gjer dette gjennom ulike tilbod, og tirsdag 9.mai inviterer dei til familiedag i Frivilligsentralen sine lokale på Husnes. Samlinga vert om ettermiddagen mellom kl.16.30 og 18.30.**



I frivilligsentralen sine lokale i Aksen er det familedag tirsdag.

På familiedagen håpar dei at både folk som har budd ei stund i Kvinnherad og nyinnflytta kjem for å møtast til ei koseleg samling med m.a. litt spel og mat.

- Vi håper dei som kjem, skal få helsa på nye folk og verta litt kjende med kvarandre, seier dei. Denne gongen har dei eit eikstra fokus på integrering.

Veronica T. Thorsen ved Frivilligsentralen fortel at ungdommane ha to møte kvar månad, ein gong med planlegging av aktivitet og ein gang med gjennomføring. Denne våren har dei fire fokus. I tillegg til integrering er det miljø(klesbyte), eldre(bingo på Husnes sjukeheim) og psykisk utviklingshemma(grillfest med aktivitetar). Av tidlegare aktivitetar kan barnehagebesøk, sjukeheimsbesøk, servering på eldrefest, kakebaking med meir nemnast.

Det er kjempeflotte tiltak desse ungdommane står for og driv. Dei lever verkeleg opp til namnet sitt og er gledespreiarar. Til dagleg er dei ungdomsskuleelevar og elevar på vidaregåande. Gjennom denne aktiviteten som vert organisert gjennom frivilligsentralen, får dei god erfaring med verdien av frivillig arbeid. Eg er sikker på at dei som møter på familiedagen 9.mai kl.16.30 - 18.30 vil få ein glad tirsdagsettermiddag.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

Foto: Gledespreiarane og Thor Inge Døssland